

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **19. september 2022** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Arne Valen.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresal
MØTESTART/-SLUTT:	kl.16.00 – kl. 18.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Leiar Arne Valen (Sp), Per S. Wathne (Krf), Solfrid Aasen (Sp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Andreas Bårtvedt (H)
FORFALL:	Gustav Eidsvåg (Frp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Oppdragsansv. revisor Therese Bjørkeland
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Konst. rådmann/kommunalsjef Ingunn Toft
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Linn Therese Erve via høgtalar i sak 22/22 Konsernsjef Pablo Barrera og økonomidirektør Tørres Øyjordsbakken, Haugaland Kraft AS i sak 22/22
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sak 22/22 blei handsama som fyrste sak.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 21/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.06.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 20.06.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 20.06.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 22/22 ORIENTERING FRÅ SELSKAPER – HAUGALAND KRAFT AS

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek konsernsjef Barrera og økonomidirektør Øyjordsbakken si utgreiing om konsernselskapet Haugaland Kraft AS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Konsernsjef Pablo Barrera takka for invitasjonen og presenterte seg sjølv. Han er nytilsett og hadde brukt tida til å bli kjent og forstå organisasjonen. Han viste ein presentasjon som inneheldt oversyn over selskapet si historie tilbake til 1909 og fram til siste oppkjøp av Energiselskapet Odda i 2020.

Hovudverksemda er produksjon, overføring og omsetnad av elektrisk kraft, samt utbygging av/drift av fibernettverk. Selskapet er eigd av 12 kommunar og har fire dotterselskap. Dei er blant dei store energiselskapa i landet med åtte selskap som er større. Dei er også involvert i selskap/prosjekt innan utnytting av solenergi (Endra), havvind (Deep Wind Offshore- DWO) og landstrømanlegg for cruiseskip.

Selskapet har over 530 tilsette og 30-40 lærlingar fordelt på 14 lokalsjonar rundt i regionen. Dei har HMS i fokus, samt satsar på god kompetanse innan eige hus, har ønske om vekst, gje framtidretta digitale løysingar for kundane og vere med å skape ei berekraftig framtid.

Direktør for økonomi og finans Tørres Øyjordsbakken presenterte seg og viste selskapet sin økonomi gjennom resultata dei siste år og estimert resultat for i år med tal per 1. halvår. Markedet er uoversiktleg og har stor usikkerheit i seg som følgje av høge gassprisar i Europa. Vidare viste han oversyn over planlagde investeringar med totalt 1229 MNOK innan nett, fiber, produksjon .mm. Også dei er råka av at alt er blitt dyrare det siste året, opp mot 22 % auke.

Eigarane og selskapet har dei siste år hatt ein utbyttemodell som har fungert bra. Den har vore på 60 % av snittresultatet dei siste tre åra til eigarane og 40 % blir igjen i selskapet til investering i vekst og utvikling. Selskapet har hatt ei solid verdiutvikling og den er nå verdsett til 12 milliardar. Selskapet har lite garantiar og tar lite risiko. Utbytte for Sveio kommune i fjor var på 13 MNOK. Som følgje av auka kraftprisar vil den bli klart høgare i år.

Av satsingsområde blei det nemnd å vere med å drive det grønne skiftet, ha ein trygg og verdiskapande bedriftskultur og vere ein solid samarbeidspartnar for regionen. Selskapet hadde nyleg hatt noe skifte i toppleiinga og dei vill fortsett å utvikle tilsette innan digitalisering.

Utvalseiar hadde, same dag som møtet, oversendt tre spørsmål til konsernsjefen:

1. Ein er uroa for konsekvensane til høge straumprisar. Viktige næringar kan måtte melde oppbod. Kan ein eigarkommune i HK ta ut meir utbytte for å gje økonomisk støtte til verksemdar i kommunen?

Konsernsjefen viste til at det skulle vere eigarmøte på fredag. Det vil der bli gjeve ei status på drifta, samt å få innspel til vurderingar rundt evt. tilleggsutbytte.

2. Korleis ser leiinga i kraftselskapet på at eigarkommunar kjøper straumen frå andre selskap? Frå årsskiftet vil Sveio kommune skifta frå HK til Wattn som del av innkjøpsamarbeidet på Haugalandet.

Han hadde forståing for at kommunane må følgje regelverk for offentlege innkjøp, men skulle sjølvsagt ønska at selskapet hadde vunne anbod framfor andre leverandørar i markedet.

3. Straumkrise har sett fokus på å redusera forbruk. Til dømes har Sveio mange bustader som er bygd frå 50-talet fram mot 70/80-talet. Tiltak som etterisolering og installering av varmpumper vil vera naudsynt for å få ned straumforbruket. Kan HK og kommunen samarbeida om støtte til slike utbetringar?

Han meinte dette ikkje låg innan for deira verksemd i dag, men at dei kunne bidra med å få til energieffektivisering ved å tilby ny teknologi innan teknisk utstyr og applikasjonar som viste oversyn over eige forbruk.

Utvalet hadde elles spørsmål om utbygginga i Etnefjella, konsesjonsinntekter og framlegget om endra inntektssystem og om noverande kopling mellom straum- og gassprisar og ei frikopling i framtida.

Leiar takka for ein flott presentasjon og svara og ønskte han og selskapet lukke til vidare.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek konsernsjef Barrera og økonomidirektør Øyjordsbakken si utgreiing om konsernselskapet Haugaland Kraft AS til orientering.

SAK 23/22 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 29.06.22, frå oppdragsansvarleg revisor Therese Skåland Bjørkeland og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Revisor viste til dei underskrivne erklæringane. Medlemmene hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 29.06.22 frå oppdragsansvarleg revisor Therese Skåland Bjørkeland og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 24/22 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Revisor gjekk gjennom regelverk, kva som låg innfor planlegging av revisjonsstrategi, om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar og planlagt angrepsvinklar i 2022. Ho viste ein del nøkkeltal for Sveio kommune. Til neste år ville revisjonen ha søkelys på offentlege anskaffingar. Leiar peika at det hadde vore utskifting av revisorar og han håpa på kontinuitet. Vidare viste han til innspel henta frå konferanse på område som kunne vere aktuelle sjå nærare på. Revisor noterte seg desse.

Utvalsleiar takka for orienteringa og ønsket at utvalet fekk presentasjonen tilsendt i etterkant.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.09.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlegheitsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.

SAK 25/22 KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - BUDSJETT FOR 2023 -- UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på **kr 1 243 000,- eks mva** fordelt følgjande:

Kontroll- og kvalitetsutvalet	kr 96 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr 203 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr 944 000

Handsaming i kontrollutvalet 19.09.22:

Utvalsleiar innleia. Han ønskte å gjere framlegg om auka budsjett til frikjøp dersom utvalet ville gå over til å ha møta på dagtid slik ein del andre kommunar har. Utvalet ønskte å fortsette med møtestart kl. 17.00. Dagens møte var eit unnatak og det blei vist til at nytt utval vil ta dette opp neste haust. Sekretær opplyste at møteplan for 2023 kjem i neste møte.

Utvalet slutta seg til budsjettframlegget slik det var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.09.22 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2022 men totalramme på kr 1 243 000,- eks mva fordelt følgjande:

<i>Kontroll- og kvalitetsutvalet</i>	<i>kr 96 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr 203 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr 944 000</i>

SAK 26/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 19.09.22

40. Statusrapport pr. september 2022
41. Løypemelding om forvaltningsrevisjon om «Planarbeid» - tinga 31.01.22, sak 3/22
42. Rogaland Revisjon - perioderapportering frå pr 31.07.22
43. Oppsummering frå FKT- konferansen 08.-09.06.22 på Kløfta v/utvalsleiar
44. FKT – årsmøte 2022 - protokoll 08.06.22
45. NKRF – Om kommuneøkonomien 2021
46. FKT – «Veileder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» - korrigert aug-22
47. Komm.dept. –høyringsbrev og -notat– endringar i kommunelova – frist 14.10.22
48. Komm. dept – høyringsnotat – endringar i IKS-lova – frist 23.09.22

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 40 – 48 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Sekretær gjekk gjennom statusrapport og perioderapport. Revisor opplyste at analysearbeidet no var i gang og rapport vil vere klår på nyåret. Det var ønske frå utvalet at dei fekk skriftlege statusmeldingar. Revisor noterte seg det.

Utvalsleiar var kort innom ulike tema på konferansen, som hadde vore interessante. Han oppmoda dei andre medlemmane til også å reise på samlingar.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 40 – 48 til orientering.

YMSE

Neste møte: måndag 21. november kl. 17.00

Saker: Orientering om planarbeid, val nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste år og møteplan for 2023

Sveio/Aksdal, 19. september 2022

Arne Valen
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær